



Kirsti Baardsen
Parkgata 21
9008 TROMSØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14939 - 20/61508

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
30.09.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 452/4 Kolstad

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 452/4
Tiltakshavar: Kirsti Baardsen

Alver kommune har den 01.09.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 04.06.2020 vart registrert høgt nivå i septiktanken på eigedommen din, med adresse Radøyvegen 1421, 5936 Manger. Høgt nivå i tanken tyder på at den ikkje fungerer slik den skal, og fører til at massen i tanken kan sige utanfor lokket og forureine grunnen. I verste fall kan kloakk komme inn via avløpsrøret og inn i kjeller/sluk. I følgje Norva24 AS har dette vore eit stadig tilbakevendande problem, som dei også har rapportert ved tømning i 2014, 2016 og 2018. Tilstanden er ikkje blitt utbeta.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til 31.10.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilstanden ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når tanken er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Kirsti Baardsen

Parkgata 21

9008

TROMSØ